

## **1. Etne kommune vedtar følgjande tiltaksstrategi for tilskotsordninga SMIL i perioden 2012 – 2014:**

### **Tidsrom**

Tiltaksstrategien gjeld i tidsrommet 2012 – 2014

### **Overordna planar og målformuleringar**

Overordna planar som ligg til grunn for tiltaksstrategien er:

- Landbruksplan for Etne 2005-2008 (skal reviderast)
- Oversiktsplan for skogbruk

Regionalt miljøprogram for Hordaland 2009 -2012 (RMP) skal koplast opp mot SMIL ved at RMP skal nyttast som eit vedlikehald/skjøtseltilskot og SMIL skal nyttast til restaurering eller utviklingstiltak.

Pågåande regionale satsingar innan for tema kulturlandskap er t.d. :

- ”Ny bruk av gamle landbruksbygg”,
- ”Prosjekt Landskap i drift”, ”Prosjekt Landskapsparkar i Hordaland”,
- ”Handlingsplan for slåttemark og kystlynghei”
- ”Utvalde kulturlandskap”.

Det er viktig å få til samfinansiering mellom ulike ordningar /etatar for å sikre ei best mogeleg finansiering av ulike tiltak.

Arbeidet med Vassdirektivet involverer analyser og status for vasskvalitet, og det skal også vurderast tiltak. Ordningar frå SMIL kan nyttast til mellom anna hydrotekniske tiltak utover ordinær landbruksdrift som til dømes grøfting.

### **Tematiske prioriteringar av ordningar / tiltak**

Ved tildeling av SMIL-midlar bør område med mange kulturminne, område som er viktig for turisme og fine kulturlandskap som ligg godt synleg frå EV 134 eller andre hovudvegar prioriterast.

Søkjjarar som mottar produksjonstilskott / driv gardsbruk i kommunen bør prioriterast.

Tiltak som er med på å auke tilgjenge for turgåarar bør prioriterast (t.d. gjerdeklyvarar).’

Fellestiltak bør prioriterast.

Tiltak som kan koplast mot tilskott frå ”Regionalt miljøprogram” bør prioriterast.

Det er eit krav at tiltak som gjeld gamal beitemark blir nytta som beite i minst 5 år etter tildeling av tilskott.

### **Planlagd aktivitet for auka satsing/ -søknadsmengd osv.**

Gi aktiv informasjon om tilskotsordningane på heimesida og informasjonsavisa til kommunen.

### **Forventa trong for økonomiske virkemiddel i tidsrommet for strategien**

Dei siste åra har det blitt løyvd 400.000 til 500.000 kroner frå SMIL-ordninga årleg. Det er realistisk å tru det er også er forventa trong for komande år.

## 2. Etne kommune vedtar følgjande retningslinjer for søknad om SMIL-midlar:

Søknadsfrist for ordninga er i dag 1. mai. Svært viktige tiltak med mange faktorar som talar for ei høg prioritering kan ved særlege grunnar få løyvd midlar før søknadsfristen går ut.

Søknadar som ikkje fell innanfor retningslinene for tilskotsordninga eller av andre relevante grunnar blir lågt prioritert vil kunne få avslag.

Store prosjekt må vurderast delt inn i mindre einingar og/eller spes ut over fleire år.

Alle søknadar må godkjennast før gjennomføring av tiltak. Løyving av midlar til allereie gjennomførte tiltak blir ikkje prioritert.

Kommunen kan setje vilkår for utbetaling av tilskot til kvart einskild tiltak. Vilkåret må stå i forhold til føremålet med tiltaket.

Skjema SLF-430 skal nyttast.

Søklar har klagefrist på 3 veker etter å ha mottatt svar på søknaden. Klageinstans er fylkesmannen, og klagen skal sendast om kommunen.

Tildeling skal gjerast av ei administrativ faggruppe. Rådmannen får fullmakt til å peike ut kven som skal vere med i gruppa.

<b>TILTAK</b>	<b>EINGONGSKOSTNAD</b>	<b>MAKS % TILSKOTT</b> av godkjent kostnadsoverslag	<b>MERKNAD</b>
Beiterydding	Inntil 1400 kr per da	70	Må ha preg av driftsforma tidlegare kulturmark/beite
Gjerde i samband med beite/kulturmark	Inntil 50 kr per meter	50	
Steingard		70	
Tilgjengelighet og oppleving		70	
Ivareta kulturminne og kulturmiljø		70	
Lepanting, styvingstre og andre miljøtiltak		70	
Freda og verneverdige bygningar		35	Til utvendig restaurering. Ikkje bustadhus.
Planlegging og tilrettelegging		50	
Biologisk mangfald		70	